



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår dato:

30.10.2020

Vår ref:

2019/5594

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

Kontakt saksbehandlar

Anne-Britt Halonen, 51 56 89 04

Rapportering og søknad om skjønnstilskot til smittevern og til TISK-oppfølging ved store virusutbrot

I dette brevet gjer vi greie for to viktige fristar for kommunane knytt til koronarelaterte meirkostnader:

1. Kommunar som veit at dei ikkje er kompenserte fullt ut for *alle* koronarelaterte meirkostnader må rapportere inn til oss innan **5. november 2020**.
2. Kommunar som skal rapportere under punkt 1 over og som har meirkostnader knytt til smittevern og TISK-oppfølging kan søkje Fylkesmannen i Rogaland om ekstra skjønnstilskot innan **12. november 2020**.

1. Rapportering til KMD via Fylkesmannen i Rogaland – kort frist 5. november

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har bedt om at alle fylkesmennene rapporterer inn oppdatert kunnskapsgrunnlag frå kommunane, med ein svært kort frist.

Vi ber difor alle kommunar som veit at dei ikkje er kompenserte fullt ut for koronarelaterte meirkostnader og mindreinntekter om å fylla ut i skjema under og sende dette inn til Fylkesmannen **innan 5. november 2020** på e-post til fmropost@fylkesmannen.no, med ein kopi til fmroanh@fylkesmannen.no.

Kommunar som bereknar at dei er kompenserte fullt ut fram til 1. november 2020 skal ikkje sende inn denne rapporteringa.

Alle koronarelaterte meirkostnader og mindreinntekter fram til 1. november 2020 (ein samla sum i kroner)	
All kompensasjon som er gitt på grunn av koronautbrotet inkludert redusert pris- og lønnsvekst og redusert arbeidsgivaravgift fram til 1. november 2020 (ein samla sum i kroner)	



Anslag for kostnader knytt berre til oppfølging
av TISK-strategien* fram til 1. november 2020
(ein samla sum i kroner)

*TISK står for *testing, isolering, smittesporing og karantene*.

Etter Prop. 142 S (2019-2020) vart det innvilga ei øyremerkt tilskotsordning på 210 mill. kroner for etablering og drift av teststasjonar ved relevante grenseovergangar. Helsedirektoratet skal stå for fordeling av dette tilskotet. Kostnader til teststasjonar ved grenseovergangar skal ikke inkluderast i skjema over. Kommunane som bereknar at dei ikkje blir fullt ut kompenserte for desse kostnadene kan legge ved opplysningar om dette utanom skjema.

2. Fordeling av ekstra skjønnstilskot til smittevern og TISK

Fylkesmannen i Rogaland skal i løpet av november fordele to ekstra skjønnstilskot til kommunane i Rogaland, med søknadsfrist 12. november 2020.

- Skjønnstilskot til smittevern
- Skjønnstilskot til oppfølging av TISK-strategien ved større virusutbrot

a. Skjønnstilskot til smittevern

I Prop. 127 S (2019-2020) auka skjønnstilskotet til kommunane med 400 mill. kroner, for å dekkje utgiftene til smittevern i det kommunale tenestetilbodet. Av desse midla er 33,3 mill. kroner fordelte til Rogaland.

Søknaden må dokumentera kva smittevernkostnader (inkl. TISK) kommunen har bokført per 31. oktober 2020. Kostnadene kan kategoriserast i følgjande skjema, der kommunane kan nytta seg av dei kategoriane som passar best utifrå eiga organisering:

Kostnader til smittevern	Bokførte kostnader per 31. oktober
Smittevernutstyr	
Smittesporing	
Testing og testkapasitet	
Isolasjon og karantene inkludert bruk av beredskapshotell	
Luftvegslegevakt	
Koronatelefon	
Ekstra reinhald	
Andre kostnader, spesifiser	
Sum	

Kostnader til teststasjonar ved grenseovergangar skal ikke inkluderast i skjema over.

Kommunar som får tildelt skjønnstilskot til smittevern skal levera ein enkel rapport på kostnadene og bruken av midlane i etterkant.

b. Skjønnstilskot til oppfølging av TISK-strategien ved større virusutbrot

I Prop. 142 S (2019-2020) vart det løyvd 500 mill. kroner i skjønnstilskot som kompensasjon for utgifter til TISK-oppfølging ved større utbrot. Rogaland har av dette fått fordelt 35 mill. kroner. Desse midla skal gå til kommunar med store kostnader som følgje av *større* smitteutbrot. Tildelinga vil òg bli sett i samanheng med tidlegare tildelingar av skjønnstilskot.



Det finst ingen bestemd definisjon av kva større utbrot er. Forhold som kan spela inn er mellom anna talet på smitta, talet på nærbeklanting, talet på testa ved smittesporing, varighet av utbrotet, og ressursar knytt til rådgiving, språk, kulturforståing og kommunikasjon. Forhold ved kommunen kan òg spela inn, og gjera at eit smitteutbrot kan belasta kommunar veldig ulikt.

Berre kommunar som har hatt store kostnader til TISK-oppfølging i samband med *større* utbrot kan søke på dette tilskotet. Dei må i søknaden fortelje kva for utbrot kostnadene relaterer seg til, utan personopplysningar, og kva forhold som spela inn som gjorde at dette blei eit «*større utbrot*» for kommunen.

TISK-kostnadene til dei større utbrota skal leggjast inn i skjema under og følgje med søknaden, det skal vere bokførte kostnader per 31. oktober 2020.

Kostnader til TISK-oppfølging ved store utbrot	Bokførte kostnader per 31. oktober 2020
Smittevernustyr	
Smittesporing	
Testing og testkapasitet	
Isolasjon og karantene inkl. bruk av beredskapshotell	
Annet, spesifiser	
Sum	

Kostnader til teststasjonar ved grenseovergangar skal ikkje inkluderast i skjema over.

Om søknadsprosessen

Tar vi omsyn til alle kompensasjonsordningane som er gitt, den reduserte pris- og lønnsveksten og redusert arbeidsgivaravgift, ser førebels kommunesektoren ut til å vera godt kompensert *i sum* for alle kommunar.

Kommunar som bereknar at dei er kompenserte fullt ut ved utgangen av oktober 2020 skal ikkje sende inn søknad om ekstra skjønnstilskot.

Felles søknadsfrist for begge skjønnstilskot er 12. november 2020. Søknad og innspel skal sendast til fmropost@fylkesmannen.no.

Fylkesmannen vil gjere fordelinga så raskt som mogeleg og seinast innan 1. desember 2020.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
fylkesmann

Jan Petter Stangeland
ass. avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Adresseliste:

Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Egersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe